



Dobbelsiger til Tord Sæle og Johannes Haugland i KM. Her fotografert under Kvinnheradsmeisterskapet i terrengløp 2014

Den driftige skigruppa i Uskedal idrettslag hadde 4 deltakarar då kretsmeisterskapet i langrennssprint vart arrangert laurdag. Det var Johannes Haugland, Tord Sæle, Solveig Haugland og Veslemøy Haugland. Dei 4 gjorde ein kjempeflott innsats og kom heim med ein kretsmeistertittel og gullmedalje, og 2 sølvmedaljar.

Kretsmeisterskapet var lagt inn i Kvammasprinten som gjekk av stabelen på Sjusete i Kvam. I klassen M-17år sikra Johannes Haugland og Tord Sæle til og med dobbelsiger! Johannes vann duellen og kan dermed smykke seg med tittelen kretsmeister.

I J-15år var det ein durabeleg kamp om tittelen. Veslemøy Haugland kjempa med Ingrid Gjelland Lid (legg merke til det skiklingande etternamnet) frå Vargar om meistertittelen. Begge fekk same tid, men Veslemøy vart dømt etter i mål. Sjølv om ho var så nær gull, vart det ein flott sølvmedalje på ho.

Vi gratulerer alle med flott innsats. Fulstendig resultatliste finn de [her](#).



Kretsmeister i langrennssprint M-17år, Johannes Haugland

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.

Foto: Thor Inge Døsland/Knut Johannes Ripel